

Trinity til Helgheim med topp dansemusikk.

06.04.2016



Trinity spelar i Helgheim 16.april.

Mange har nok gode minne frå ulike dansekveldar i ungdomshuset Helgheim når dei tenkjer tilbake. Dei seinare åra har det vore lenger tid mellom kvar dansefest. Laurdag 16.april ligg alt til rette for ein dansefest av det gode gamle slaget der stemningen står i taket, når det gode dansebandet Trinity kjem på vitjing.

Til festen er det påmelding innan søndag 10. april. Dermed vert det eit lukka lag, ja, vi kan kalla det ein venngjengfest, men absolutt alle er velkomne til å melda seg på. Påmeldinga kan gjerast til 990 42 327, og den er altså bindande.

Dansemusikken sørger populære Trinity for. Dette dansebandet spelar på små og store dansearrangement rundt om på Vestlandet. Dei er svært ettertrakta, og spelar god dansebandmusikk frå perioden 1960 til 2000 framført i topp lydbilete. Bandet er samansett av musikarparet Olaug Heggenes og Karsten Ekeland. Begge er svært dugande, og danseløver som reiser land og strand rundt på dansegallaer rangerer dei som eit topp danseband.

Billettpisen er også snill. Det kostar 150 kroner, og då får ein ein tallerken betasuppe på billetten. Dersom det skulle verda noko att, vil det verda selt til 'dei saltjuke' utover kvelden. Festen startar kl.20. Det går nattbuss til Utåker via Husnes som passerer Uskedalen kl.01.15.

Ein liten smakebit på musikken får det ved å klikka på [denne Trinity-videoen](#). De finn fleire video-snuttar på facebook-sida til bandet(Dansebandet Trinity).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Trinity.